



BEDRE
TVERRFAGLIG
INNSATS SIRDAL

Informasjon om

Betre tverrfagleg innsats



– BTI – i Sirdal kommune

BTI er ein **samhandlingsmodell** Sirdal kommune brukar i møte med **barn og unge** som vekkjer **undring/uro**. Ved å arbeida etter modellen, ønskjer me å sikra lik praksis, godt samarbeid og unngå at dei familieane som det gjeld, opplever seg som "kasteballar" mellom ulike tenester i kommunen.

Om tilsette i Sirdal kommune får ei undring/uromelding knytta til barn/unge, skal ein som hovudregel følgja handlingsrettelearen for BTI. Det er viktig å presisera at me ønskjer at tilsette **ser og handlar så tidleg som mogleg**, alltid med tanke på **barnet sitt beste**. Det er grunnleggjande viktig at barn og unge sjølv og føresette blir **involverte** tidleg. Unntaket frå dette er ved mistanke om vald og overgrep. Då skal melding til barnevernet sendast med ein gong.





Stafettloggen er ein elektronisk logg som gjev oversyn over tiltak som blir avtala, ansvar og fristar. Informasjonsflyt, oversynt, foreldre-involvering samt å hindra oppfølgingsbrot i sakene, er viktige argument for å bruka stafettloggen. For å ivareta den enkelte sitt personvern, og for sikker lagring av data, blir bankID nytta som identifikasjon ved innlogging. Førsette har lesetilgang til loggen og kan sjølv bestemma når den eventuelt skal avsluttast. Stafettloggen blir avslutta når uro ikkje lenger er til stades. Når loggen blir avslutta, blir det tatt ei utskrift til barne-/elevmappa.

Førsette kan sjølv be helsestasjonen, barnehagen eller skulen om å vurdera å oppretta ein stafettlogg ved ei undring eller uro omkring eige barn.

For meir informasjon, ta kontakt med helsestasjonen, barnehagen eller skulen.

Innføring av samhandlingsmodellen:

- Oppstart våren 2018
- Stafettlogg blir gradvis innført, noko som betyr at nokre saker blir brukte som "pilotar" for at me skal læra systemet. Målet er at alle som har behov for stafettlogg, får det frå hausten 2018.





conexus
companion STAFETTLOGGEN

Ein introduksjon for føresette i Sirdal kommune

Me har innført verktøyet Conexus Companion Stafettloggen i tenestene barnehage, skule og helse fordi me ønskjer å ha fokus på barn og unge og betre tverrfagleg innsats (BTI).



Kva er ein stafettlogg?

- Ein stafettlogg er ei elektronisk loggbok over tiltak.
- I stafettloggen er alle tiltak som er sette i gang, inkludert vurderingar, for kvart barn samla.
- I stafettloggen blir dei avtalane som er inngått gjort greie for.
- Stafettloggen gjev eit oversyn over involverte tenester, fagpersonar og deira oppgåver.
- Stafettloggen kan vera med på å sikra gode overgangar for dykk og dykkar barn.

Stafettloggen blir alltid utarbeidd i samarbeid med de som føresette. De vil til ei kvar tid vera oppdaterte på det som er skrive i loggen. Berre barnet sine føresette og dei personane som føresette gjev lov til, kan få lesetilgang til stafettloggen.



Når startar ein stafettlogg?

Stafettlogg startar når det er behov for å setja i gang tiltak som krev samarbeid, og føresette har gitt samtykke. Tiltaka vil knyttast til utviklingsområde der barnet kan ha nytte av ei ekstra støtte i ein periode eller over tid.

Når sluttar ein stafettlogg?

Stafettloggen sluttar når de som føresette saman med dei andre samarbeidspartnarane ser at tiltak har hatt ønska effekt og at behovet for logg ikkje lenger er naudsynt. Som føresette kan de når som helst avslutta loggen.

Tilgjenge til stafettloggen:

Den elektroniske loggen ligg på internett. Skriv følgjande adresse inn i adresselinja:

<https://stafettloggen.conexus.no>

Når du har opna påloggingssida, loggar du på med BankID. BankID er ein personleg og enkel elektronisk legitimasjon for sikker identifisering på nett. Dersom du ikkje allereie har BankID, ta kontakt med banken din, så vil dei hjelpa deg med dette.

Spørsmål

Dersom du har spørsmål til stafettloggen, eller har bruk for fleire opplysningar, er du velkomen til å kontakta tenesta du er knytta til.

Du kan lesa meir om stafettloggen og BTI på:

www.sirdal.kommune.no/bti